

Ordensreglement for Høyland skule



Innholdsliste

1.0 Innleiing.....	2
1.1 Heimel.....	2
1.2 Føremål.....	2
1.3 Virkeområde.....	2
2.0 Reglar og sanksjonar.....	2
2.1 Reglar om orden og åtferd.....	3
2.2 Tiltak ved brot på ordensreglementet.....	4
2.2.1 Moglege sanksjonar.....	4
2.3 Bussreglar.....	5
2.3.1 Konsekvensar for brot på bussreglane.....	5
2.4 Internett.....	5
2.5 Hærverk.....	5
2.7 Undersøkingar.....	6
2.8 Nødverje.....	6
2.9 Erstatning.....	6
3.0 Reglar for sakshandsaming ved sanksjonar.....	6
4.0 Iverksetjing.....	6
5.0 Handlingsplan mot mobbing.....	7

1.0 Innleiing

1.1 Heimel

Hovudutval for undervisning har gitt fylgjande forskrift om ordensreglement for skulane i Hå:

1. Skulane i Hå skal ha ordensreglement som ivaretek omsynet til rettar og plikter for elevane i skulen (Opplæringslova § 2-9)
2. Alle rådsorgana på skulen skal delta i utforminga av ordensreglane. Særleg viktig er det at elevane og foreldre/føresette opplever at dei vert tekne med i arbeidet.
3. I ordensreglementet skal skulane ha med avsnitt om:
 - Tryggleik for elevane (Opplæringslova § 9-3, forskrift kpt. 12)
 - Rett til vurdering (Opplæringslova § 2-3, forskrift kpt. 3)
 - Utstyr og arbeidstilhøve for elevane (Opplæringslova § 9-3)
 - Refsingstiltak og bortvising (Opplæringslova § 2-9, § 2-10, § 15-2)
4. Ordensreglane skal skrivast i eit språk som er lett å forstå for elevane.
5. Framlegg til ordensreglement skal godkjennast av hovudutval for undervisning.



1.2 Føremål

Ordensreglementet skal leggja grunnlag for mest mogleg lik behandling av alle elevane på området som er viktige for dei og for skulesamfunnet sett under eitt.

Reglementet skal hjelpa til å gjera det klart kva for plikter og rettar elevane har, og skal gjera det lettare for elevane å ta ansvar for seg sjølve. Elevane skal og kunna kjenna seg trygge på at det ikkje vert gjort negative vedtak mot dei på anna grunnlag enn det som ordensreglane heimlar.

Ordensreglane skal fremja samarbeid, tryggleik, trivsel, respekt og medansvar for alle på skulen.

1.3 Virkeområde

Skulen har ansvar for elevane i undervisning, under arrangement, på ekskursjonar med meir der elevane er under skulen si leiing. Dette inneber at ordensreglement gjeld i alle typar undervisningslokal, fellesrom og uteområde, på skulevegen og når elevane har undervisning andre stadar enn på skulen sitt område.

Ordensreglementet gjeld altså når skulen har ansvar for elevane.

2.0 Reglar og sanksjonar

Skulen er ein læringsarena og arbeidsplass for unge og vaksne. Alle har eit ansvar for korleis skulemiljøet er, og korleis det vert utvikla.

Elevane skal kunna forventast at skulen gir hjelp, støtte og rettleiing. Alle skal møtast med tillit og respekt. Elevane skal ha jamleg tilbakemelding på eiga læring og utvikling. Dei skal vera aktivt med i opplæringa.

Elevane skal følgje vanlege reglar i samfunnet og visa god folkeskikk. Som elev har ein difor både rettar og plikter ein skal følgja.

2.1 Reglar om orden og åtferd

- Du skal visa respekt og vera høfleg overfor medelevar og tilsette
- Du har ansvar for at det er arbeidsro på skulen
- Du skal møta presis til undervisninga
- Du skal vera der læraren har tilvist
- Du skal ha med bøker og alt nødvendig utstyr
- Du skal ha gjort leksene
- Du skal vera punktleg med innleveringar
- Ved fråvær skal du ha melding frå foreldre/føresette
- Mobil og smartklokke skal liggja heime (ved behov kan den liggja avskrudd i sekken, på eige ansvar)
- Banning og ufint snakk er ikkje tillate
- Du har ansvaret for å halda klasserommet i orden
- Du skal parkera sykkelen på tilvist plass
- Du skal behandla utstyr, bygningar og inventar fint, og leggja tilbake på rett plass etter bruk
- Ytterklede heng i garderoben i timane
- Du forsøker ikkje å juksa på prøvar eller innleveringar
- Eigne leiker ligg heime når du er på skulen
- Du har ikkje snop og tyggi på skulen
- Det er ikkje tillate å eta eller drikka i timane



2.2 Tiltak ved brot på ordensreglementet

Alle sanksjonar skal vera slik at elevane skal forstå kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette. Sanksjonane skal stå i rimeleg høve til kva brot som er gjort på ordensreglane. Tiltak bør koma så nært regelbrot i tid som mogleg. Dersom mogleg skal elev gjevast høve til å gjera opp for seg.

Brot på reglar som følgjer av lov eller reglement kan sanksjonerast etter reglane i dette kapittelet, dersom ikkje anna er særskilt nemnt.

Fysisk refsing og annan krenkjande handling må ikkje nyttast. Med fysisk refsing meiner ein ikkje arbeid i samband med rydding, vask og/eller reperasjonar etter seg sjølv eller andre.

Kollektiv straff skal ikkje nyttast for handlingar gjort av enkelte medlemmar av ei gruppe.

2.2.1 Moglege sanksjonar

- Påtale og tilrettevising frå skulens personale
- Samtale i eller etter skuletid
- Sitja att/ta igjen tid i friminutt eller etter skuletid. For skysselevar må det då avtalast henting av føresette
- Inndraging av ting det ikkje er lov å ha, eller som vert misbrukt i skuletida
- Brukar eleven mobil på skulen, tek personalet han. Føresette må henta mobilen. (Ved spesielle behov, ta kontakt med kontaktlærar).
- Melding heim (telefon, brev, mail)
- Møte mellom tilsette, elev, føresette og evt. andre
- Inn i annan klasse eller anna lærar vert henta
- Uttestengd for ein eller fleire gonger frå timar, område, ekskursjonar, turar og andre arrangement i skulens regi
- Utvising frå skulen i inntil 3 dagar (Opplæringslova § 2-9, § 2-10) (rektor)
- Krav om økonomisk erstatning frå eleven/føresette ved tjuveri, hærverk, tagging eller anna øydelegging (Lov om skadeerstatning)
- Alvorlege episodar/forhold vert melde/rapporterte til lensmannen (rektor)
- Flytta til annan klasse/gruppe (rektor)
- Eleven får ein annan læringsarena ein eller fleire dagar i veka (rektor)
- Eleven vert flytta til annan skule (skulesjef)



2.3 Bussreglar

- Elevane skal vente ved «postkassen» og ikkje gå opp til bussen før vaksen gir beskjed
 - Elevane skal sitja på tilvist plass. Dei yngste fremst, og så klassevis bakover i bussen. Vaksen bussvakt følgjer til bussen etter skulen, og ser til at elevane sit på rett plass. Om morgonen sit elevane på den faste plassen, så langt det lar seg gjera. Dette punktet gjeld bussen til Vigre.
 - Elevane skal ha på bilbelte. Dette er påbode og står i trafikkreglane.
 - Elevane skal ikkje reisa seg frå setet før bussen har stoppa.
 - Elevane skal ikkje skrua/flytta på setene under turen.
 - Elevane skal ikkje ta ifrå kvarandre ting, som luer og sekker under bussturen.
 - På bussen skal det vera fin munnbruk til kvarandre.
- **2.3.1 Konsekvensar for brot på bussreglane:**
 - Elevane seier ifrå til bussjåføren eller skulen ved brot på reglar, og skulen tar kontakt med heimen.
 - Når bussjåføren rapporterer brot på reglar til skulen, tar skulen kontakt med heimen.
 - Ved gjentakande brot på reglane, kan elevar bli utestengde frå bussen ein periode. Skulen ringer heimen om dette. Dette gjeld primært dei eldste elevane.

2.4 Internett

Skulen har nettvettreglar og reglar for bruk av skulen sitt datautstyr. Elevar som bryt nettvettreglane og/eller reglane for bruk av datautstyr, kan utestengjast for bruk av skulen sitt datautstyr for ein periode.



2.5 Hærverk

Elevar som gjer hærverk, kan påleggast å rydde opp etter seg/utbetra skader når oppryddinga er arbeid eleven har føresetnader for å klare. Ved hærverk vil eleven og/eller føresette kunne verta gjorde erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap eller øydelegging av skulebøker og utstyr.



2.6 Lovbrot og saker som vert melde til politiet

Dersom det ligg føre mistanke om straffbare forhold, kan rektor be politiet om hjelp. Føresette til elevane skal, dersom det er mogleg, varslast munnleg samstundes med at det er teke kontakt med politiet. Føresette skal varslast skriftleg om at det er teke kontakt med politiet.

Skade på skulen sin eigedom vil kunna verta meldt til politiet.

Straffbare forhold mot person vert som hovudregel meldt av den som er utsett for forholdet – den som er fornærma.

2.7 Undersøkingar

Ved grunn til mistanke om brot av reglar knyt til ulovlege/farlege gjenstandar eller rusmidlar og tobakk, kan skulen si leiing gjennomføra undersøkingar i hyller og skap som elevane disponerer. Skulen kan og be føresette om løyve til å gjennomføra kontroll av lommer i klede, sekker eller ranslar. Om mogleg skal føresette til elevar gjevast høve til å vera tilstade ved eventuell kontroll.

2.8 Nødverje

Skulen sitt personale har ein særleg plikt for omsorg for elevane på skulen. Personalet vil difor ikkje berre ha rett, men også plikt til gripa inn for å hindra at elevar skadar eller plagar andre elevar eller skadar seg sjølv eller skulen sin eigedom. Straffeloven § § 47 og 48 om naudrett og naudverje gjer ein opning for at skulen sitt personale kan nytta fysisk makt til å stoppa elevar som sloss, hindra at eleven skadar seg sjølv eller andre, eller skulen sin eigedom, og til å verja seg mot elevar som opptrer truande eller voldeleg.

Når eit slikt tiltak vert sett i verk, skal ein straks melda frå til rektor og til foreldre/føresette.

2.9 Erstatning

I tillegg til pålagde sanksjonar etter reglementet her, kan eleven verta erstatningsansvarleg etter erstatningsrettslege reglar. Føresette kan verta erstatningsansvarlege for skade valda forsetteleg eller uaktsamt av deira barn med inntil kr. 5000,- for kvar enkel skade, jf. skadeerstatningsloven §1-2

3.0 Reglar for sakshandsaming ved sanksjonar

Avgjerder om følgjande sanksjonar skal alltid nedfellast i form av enkeltvedtak:

Utvising, skulebytte, og tiltak som omhandlar det psykesosiale miljøet. (Saker som kjem under mobbeplanen.)

4.0 Iverksetjing

Dette ordensreglementet trer i kraft etter vedtak i SU/SMU den 21.02.2017

